



Informasjon om:

RUTINER OG OPPFØLGING AV ELEVANE SI "ARBEIDSMILJØLOV" I SKODJE KOMMUNE

MÅLGRUPPE: elevar i grunnskulen, tilsette i grunnskulen , føresette

Gjennom §9a i Opplæringslova har elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen fått lovfesta rett til eit godt skulemiljø.

I § 9a-2 første ledd står det:

"Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane."

I §9a-3 andre ledd står det:

"Dersom nokon som er tilsett ved skulen får kunnskap om eller mistanke om mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe inn."

Både elevane, dei føresette og råd og utval som representerer desse, kan be om at det blir iverksett tiltak som gjelde skulemiljøet. Skulen skal ta stilling til oppfordringa innan rimeleg tid og fatte eit skriftleg vedtak. Skulemiljøet omfattar både det fysiske miljøet slik som inn klima og leikeareal, og det psykososiale miljøet. Alle tilsette ved skulen har plikt til å undersøke og eventuelt gripe inn dersom dei får mistanke om at det førekjem mobbing, vold eller rasisme på skolen.

Alle elevar i skulen har rett til eit godt skulemiljø som fremjer helse, trivsel og læring!

Enkeltvedtak-rett til klage:

I Opplæringslova §9a-2 siste ledd står det:

”Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte ber om tiltak for å rette fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogeleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det er gjort enkeltvedtak.”

I Opplæringslova §9a-3 siste ledd står det:

”Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogeleg behandla saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling i saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det vert gjort enkeltvedtak.”

Kva er eit enkeltvedtak?

Eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld rettigheter og plikter til ein eller fleire bestemte personar og som er truffe under utøving av offentleg mynde.

Framgangsmåte dersom ein ønsker å fremje sak knytt til brot på Opplæringslova §9a -2.ledd og 9a-3. ledd.

- Meldingar frå føresette ev. eit av utvala på skulen skal rettast til rektor. Anmodinga kan være både skriftleg og muntleg.
- Meldinga bør være konkret. Skulen skal tilby hjelp dersom det er naudsynt.
- Melsinga skal skriftleggjerast og og journalføres.
- Skulen vurderer meldinga og tek stilling til om det skal iverksettas tiltak, eller ber om ekstern hjelp til å gjere vurderingane om det er naudsynt. Opplyse saka mest mogeleg.
- Meldinga skal etter lova handsamast etter reglane om einskildvedtak i forvaltningslova.
- Vedtak skal vere skriftleg og grunngjeve. Å ikkje iverksette tiltak er også et einskildvedtak. Det kan klagast inn for fylkesmannen.
- Gje alltid skriftleg svar til dei som har kome med meldinga, også om tiltak ikkje vert sett iverk.
- Foreldra kan klage dersom dei meiner tiltaka ikkje er tilstrekkelege, eller dersom det tar for lang tid uten at meldinga blir tatt stilling til. Klagefrist er veker.
- Dersom det trengs lengre tid til utgreiing av saka, gje eit forebels svar innen 14 dager.
- Foreldra kan få hjelp av skuleeigar til utforming av klage på tiltaka.
- Den enkelte skule må ta stilling til saken ein gang til før klagen sendes via skuleeigar til fylkesmannen.

Dette gjer skulane:

- **Kvar enkelt skule har utarbeidd sine rutiner for korleis dei følgjer opp meldingar og krenkjande ord eller handlingar ved sin skule**
- **Halde samarbeidsutval, skuleutval, elevråd og foreldreråd løpande orientert om alle forhold som har påverknad på skulemiljøet**
- **Arbeider medførebyggjing av saker knytt til §9a gjennom tiltak beskrive i sosialpedagogiske handlingsplanar**

Lover og retningslinjer

- [Opplæringslova § 9a-3](#)
- [Privatskolelova § 2-4](#)
- [Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- [Forskrift om ordensreglement for skolene i Klæbu kommune](#)
- [Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet](#)
- [Opplæringsloven kapittel 9 a \(veileder\)](#)
- [Retten til et godt psykososialt miljø \(Udir-2-2010\)](#)
- [System for kvalitetsvurdering i grunnskolen i Klæbu kommune](#)